



Jobbnorge-ID: 76748

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Inntil fire stillingar ledige som førsteamanuensis ved Senter for klimadynamikk

Ved Universitetet i Bergen skal det tilsetjast inntil fire førsteamanuensar ved det nyoppretta Senter for klimadynamikk.

Senteret er eit tungt kunnskapsmiljø for forståing av klimaendringar, modellering av klimaendringar og sikrare kunnskap om mogelege framtidssituasjonar regionalt og globalt. Partnerane i senteret er Universitetet i Bergen, Uni Research AS, Havforskningsinstituttet og Nansensenteret. Kunnskapsdepartementet har gitt løyving for senteret i 12 år, med atterhald om resultatet av ei midtvegsevaluering. Senteret er nært knytt til Bjerknessenteret for klimaforsking (www.bjerknes.uib.no).

Dei tematiske forskingsområda til Senter for klimadynamikk inkluderer modelleksperiment som bidreg til FN sitt klimapanel og utvikling av klimavarsel i tillegg til regionale klimascenario, analyse av naturlege og menneskeskapte klimavariasjonar og karbonsyklusen.

Dei som vert tilsette i stillingane, får ansvar for å leie kvart sitt særskilte tematiske område innan Senter for klimadynamikk, og vil saman med senterleiar og administrativ leiar utgjere leiargruppa i senteret. Dei nyttilsette vil i starten nytte kompetansen og arbeidstida si inn mot allereie definerte prosjekt, men vil òg vere sentrale i den vidare strategiske og faglege utviklinga i senteret. Dette inkluderer mellom anna strategisk planlegging, søknadsskriving, prosjektstyring og rapportering.

Dei tilsette vil få ei formell og fast tilknytning til eit av institutta ved det Matematisk-naturvitenskaplege fakultet, men skal ha all si arbeidstid og alle sine plikter knytte til aktivitetane ved senteret, vere underlagde den faglege leiinga til senterleiaren og skal rapportere til denne. Sentertilknytninga frittek for regulær kursundervisning, men rettleiing av studentar på master- og ph.d.-nivå er ynskjeleg.

Dei som skal tilsetjast, må ha kompetanse på høgt internasjonalt nivå innanfor eitt eller fleire av felta:

- **Storskala atmosfæredynamikk:**
Vi søker etter ein person med god teoretisk bakgrunn innan forståinga av atmosfærens middelstilstand, effekten av stasjonære og transiente bølger for polretta varmetransport og utveksling av energi mellom atmosfære og hav, og rolla til atmosfæren for fjernkoplingar (teleconnections). Det vil vera ein føremøn om kandidaten har erfaring innan numerisk modellering.
- **Storskala oseanografi / dekadisk klimadynamikk:**
Vi søker etter ein person med gode teoretiske kunnskapar innan geofysisk fluiddynamikk. Kandidaten må ha erfaring med bruk av ulike typar observasjons- og modelldata til å skildre den fysiske tilstanden i havet, og vil særleg arbeide med energitutveksling mellom atmosfære og hav og havets rolle i klimavariasjonar på år til tiårsskala.
- **Sensitivitet og tersklar i klimasystemet:**
Vi søker ein person med gode teoretiske kunnskapar innan geofysisk fluiddynamikk med erfaring frå forskning innan paleo-relaterte problemstillingar. Vedkomande vil arbeide med årsakssamanhengar knytte til tidlegare stabile periodar og raske endringar i nordatlantisk klima i varme periodar, i istidsklima og i Holocen, med særleg fokus på sensitiviteten til klimasystemet. Det er ein føremøn om kandidaten har erfaring innan numerisk modellering.
- **Karbonsyklus i havet og havforsuring:**
Vi søker ein person med fysisk/kjemisk/biologisk/geologisk bakgrunn med interesse for havets rolle i det globale karbonsystemet, og marine effektar av havforsuring. Spesielle område inkluderer innsamling og analyse av observasjonsdata, utrekning av havets opptak og transport av karbon, endringar i havets PH-verdi og effektane på dei lågare nivå i den marine næringskjeda.

Søklarar må ha oppnådd norsk doktorgrad innanfor eitt eller fleire av fagområda oseanografi, meteorologi, geologi, anvend matematikk eller tilstøytande fagområde, og i tillegg ha brei erfaring og dokumentert kompetanse og fagleg tyngde innan feltet det vert søkt på.

Søklarar bør vidare ha røynsle frå forskingsleiing og forskingsstrategisk arbeid og dessutan kunne vise til evne til å stimulere samarbeid mellom forskarar og forskingsgrupper nasjonalt og internasjonalt. Vidare bør dei som vert tilsette, kunne vise til fagleg leiarskap, fagleg integritet, betydeleg evne til fagleg samarbeid, til utvikling av fagmiljø og dessutan evne til og interesse for å formidle forskingsresultat.

For å byggje opp eit sterkt og dynamisk leiarteam ved senteret, vert det lagt spesiell vekt på personlege samarbeidsegenskapar, fleksibilitet og leiareigenskapar ved utveljing av aktuelle søklarar, i tillegg til naudsynte faglege kvalifikasjonar. Ved vurdering av søklarane vert det difor lagt stor vekt på personlege kvalifikasjonar og resultat frå tidlegare arbeidsforhold.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk.

Løn etter lønssteg 60-67 (kode 1011/lr. 24.4), etter kvalifikasjonar. For spesielt kvalifiserte søklarar kan det vurderast høgare løn.

Førsteamanuensar i fast stilling har høve til å søkje personleg opprykk til professor etter kompetanse. Fristen for slik søknad er 15. september kvart år.

Utfyllande opplysningar om stillingane kan ein få ved å vende seg til senterleiar Tore Furevik på tlf. (+47) 55582691 / (+47) 98677226 eller e-post: tore@gfi.uib.no

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvolter i personalreglementet for vitenskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogeleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Ved eventuelle framtidige endringar i organiseringa av klimaforskinga og/eller -utdanninga ved UiB, må ein rekne med endringar i stillingane og ein vil i så fall fylgje dei retningslinene som gjeld for gjeldande stillingskategori elles ved UiB. Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan verte offentleggjorde sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje verte ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merkt "SØK STILLINGEN" på denne sida.

Som vedlegg til søknaden må søkjarane leggje inn dei vitenskaplege arbeida som dei ynskjer det skal verte teke omsyn til ved vurderinga, og ei liste over desse, i tillegg til attestar og vitnemål. Søkjarar må gi opp dei arbeida eller delane av arbeida som det skal leggjast særleg vekt på ved vurderinga. Desse bør ikkje vere fleire enn 10.

Søknadar sende på e-post til enkeltpersonar ved universitetet, vil ikkje verte vurderte.

Søknadsfrist: 1. september 2011.

Referer til saksnummer 2011/8734.

Generelt for stilling som førsteamanuensis ved Universitetet i Bergen

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse, kan den som vert tilsett, også verte pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Det tidlegare akademiske kollegium understreka at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggjast reell vekt ved tilsetjing i vitenskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarane må dokumentere sine eigne pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved å sende inn:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- oversyn over hovudfags- og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendium og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, så som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det vert kravd at den som vert tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga.

Den som vert tilsett, må ha pedagogisk basisutdanning, men søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjinga, får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eitt år etter dato for tilsetjing. Fristen er to år for den som ved tilsetjinga ikkje meistrar eit skandinavisk språk.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: